

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Knarvik 17. september 2015

Deres ref: 12/388 SL HWH/KR

Høyringsuttale - forslag om å fjerna eigedomsskatten på verk og bruk

Finansdepartementet har i brev 18. juni 2015 sendt på høring forslag om å endra eigedomsskatt på verk og bruk. Høyringsfristen er 18. september 2015.

Denne saka vart handsama i Regionrådet møte 5-2015, fredag 11. september 2015. Alle kommunane i Regionrådet i Nordhordland står bak kravet om at føreslåtte regelendringar for eigedomsskatt på verk og bruk ikkje kan setjast i verk. Regionrådet støttar uttalar som er kome enkeltvis frå våre eigarkommunar og me støttar fullt ut uttalar frå bl.a. Nettverk av Petroleumskommunar og frå LVK.

Regionrådet vil peika på at dette råkar kommunane hardt, minst 1,2-1,4 mrd. på landsbasis, og nokre av våre kommunar er blant dei som vert hardast råka. Staten vil få vinst i auka skatteinntekter, og Statoil, Statkraft og Statnett vil spara mest på dette.

I desse dagane førebur ein t.d. røyrleidning frå Johan Sverdrup til Mongstad. Dette vil krevja store areal, også der røyrleidninga er i tunnel, og det gir beslag på store område som ikkje kan nyttast til noko anna. Det same gjeld for kraftliner. Kommunane bør få noko att for å stilla areal til disposisjon, viss ikkje vil det bli uinteressant for kommunane å stilla opp. Utan skatteinntekter vil ikkje lokalsamfunna seia ja til desse utbyggingane. Dersom forslaga til endringane skulle bli innført, vil også eigedomsskatt på vindkraft falla bort, og det vil bli endå mindre interessant for kommunane å vera med på ei utbygging og satsing.


Konklusjon

Regionrådet i Nordhordland går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomsskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Regionrådet i Nordhordland sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomité for vidare utgreiing.

Regionrådet i Nordhordland krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

Knarvik, 17. september 2015



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Per Lerøy
Ordfører i Austrheim




Kristin Handeland
Ordfører i Fedje




Hallvard Oppedal
Ordfører i Gulen



Astrid Aarhus Byrknes
Ordfører i Lindås



Karstein Totland
Ordfører i Masfjorden



Nils Marton Aadland
Ordfører i Meland



Knut Moe
Ordfører i Modalen



J. Skeidsvoll
Kari Aakre
Ordfører i Osterøy



Jon Askeland
Ordfører i Radøy

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland (9)
Fylkesmannen i Hordaland, postmottak